
Saksnr: 2020/42823-25
Saksbehandlar Merethe Mæland
Dato: 12.11.2021

Til: Mobilitet og kollektivtransport

Frå: Merethe Mæland

Skriftleg status og tilbakemelding til kontrollutvalet - selskapskontroll Bybanen AS

Det vart i møte i kontrollutvalet 14.06.2021 vedteke at fylkesdirektøren skulle kome med ny skriftleg status på oppfølginga av punkta 5 og 6 i selskapskontroll av Bybanen AS (BBAS). Det vart og vedteke at dersom forbetningsarbeidet ikkje er ferdig gjennomført på tidspunktet for tilbakemeldinga kan fylkesdirektøren oppgjve tidspunkt for når det vil vera ferdig.

Kontrollutvalet ber i vedtaket også om ny skriftleg status frå Bybanen AS på dei same punkta. Fylkesdirektøren og Bybanen AS har i samråd utarbeidd plan for vidare prosess i forbetningsarbeidet.

Seksjonen strategi og eigarstyring på avdeling for mobilitet og kollektivtransport (MOK) har ansvaret på vegne av fylkesdirektøren for gjennomføringa av punkta i selskapskontrollen. Seksjonen har på grunn av ei rekke omstende utanfor avdelingsdirektør sin kontroll hatt svært lav kapasitet over lengre tid. Både sjukdom, sentrale personar som har gått av med pensjon og sentrale ressursar som har jobba med saka har slutta. Seksjonen er no på plass med ny leiar, og skal oppbemanne igjen framover tid, og vil derfor kunne arbeide meir strukturert og raskare med forbetningar innan fagområdet mobilitet og kollektivtransport.

I arbeidet med saka i punkt 5, som er å få på plass ein forvaltningsavtale mellom VLFK og BBAS, har MOK i samarbeid med BBAS jobba fram eit utkast til avtale som no berre har to uteståande punkt igjen å lande før ein kan signere avtalen. Det eine krev involvering frå ekstern spisskompetanse innan moms-regelverk, så ein rakk ikkje få det på plass før denne statusrapporten. Det vil ein få gjort i løpet av november månad. Utfallet av den uttala vil få konsekvensar for kva som då står igjen før fylkesdirektøren og administrerande direktør for Bybanen AS kan signere avtalen. Ein realistisk framdriftsplan vil difor vere at ein kan ha ein signert forvaltningsavtale i desember 2021/januar 2022.

Når forvaltningsavtalen mellom VLFK og BBAS er på plass kan ein utarbeide ein samarbeidsavtale mellom VLFK og BBAS (del av punkt 5), og då også ein bestilleravtale mellom kollektiveininga Skyss og BBAS, som er punkt 6 i selskapskontrollen. Dei heng tett i hop, og har avhengigheiter til forvaltningsavtalen, så difor er ein realistisk oppstart med desse avtalane januar 2022. Det å ferdigstille desse avtalane krev involvering på tvers, og vil krevje at det takast avgjersler av prinsipiell og operasjonell karakter. Eit realistisk tidsperspektiv på ferdigstilling og signering av desse avtalane vil difor vere mars/april 2022.

Konklusjon:

Fylkesdirektøren stadfester at ein framleis arbeider med å svare ut alle krava i selskapskontrollen, og at dette har hatt lengre tid enn ønska grunna omstende utanfor partanes kontroll. Ein har ein klar plan i samråd med BBAS og Skyss om at ein skal prioritere desse sakene dei neste månadene, og at følgande plan er realistisk:

- Signert forvaltningsavtale mellom VLFK og BBAS innan januar 2022

- Signert bestillaravtale mellom VLFK/Skyss og BBAS innan april 2022, og samarbeidsavtale

Rune Haugsdal
Fylkesdirektør